



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2312 - 18/21043

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.07.2018

Løyve til endra høgdeplassering blokk D felt BKS1 Langheiane B8 - gbnr 188/775 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 339/18
Tiltakshavar: Orion Prosjekt AS
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Søknadstype: Søknad om endring av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve for heving av blokk D i felt BKS1, jf. rammeløyve datert 17.10.17. Endringa gjeld heving av terreng og høgdeplassering i høve rammeløyve.

Det er søkt om og gjeve dispensasjon for høgdebegrensing for felt BKS1 gjeve til kote +80. Det er gjeve dispensasjon til maks høgde på bygg i felt BKS1 til kote +81 i vedtak datert 15.05.18.

Det vert elles vist til søknad mottatt 04.06.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.06.18 og frist for sakshandsaming er 12 veker, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7 8.ledd.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Langheiane B8 og B9/planid.a. 1263-201602 er definert som bustadføre mål. Omsøkt tiltak gjeld etablering av blokkbebyggelse i område B8 i delfelta BKS1-3, grad av utnytting for kvart delfelt går fram av plankartet.

Tiltaka i øvrig er uendra i høve rammeløyve.

Nabovarsel



Tiltakshavar/ansvarleg søker har ved supplering av søknad motteke 29.06.18 gjort greie for at søknad om endra høgdeplassering ikkje er varsla då tilgrensande eigedomar er friareal eigd av kommunen og tiltakshavar sjølv. Søkar si vurdering er at varsling kan unnlatast då nabo sine interesser ikkje eller i liten grad vert rørt av tiltaket. Kommunen legg ansvarleg søker si vurdering til grunn.

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det ikkje kravd yttarlegare varsling av tiltaket.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 30.05.18, dagsett 04.06.18. Plassering av blokk D i vertikalplanet er uendra.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Blokk D er godkjent med OK ferdig golv grunnplan på høvevis kote +69,5 og kote +70,35. Endringa medfører OK ferdig golv grunnplan på høvevis kote +70,5 og kote +71,35.

Vatn og avløp (VA)

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteoppfallsareal, gangtilkomst, parkering er løyst i felles parkeringsanlegg i felt BKS2.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav b, jf. § 20-3 vert det gjeve løyve til endring av tiltak i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 04.06.18, jf. pbl. § 29-4/SAK § 6-3.
2. Vilkår som er gitt i vedtak datert 17.10.2017, administrativt vedtak saksnr. 466/17 og i vedtak datert 15.05.2018, administrativt vedtak saksnr. 226/18 gjeld for tiltaket.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 17/2312.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagelia 6	5914	ISDALSTØ
Orion Prosjekt AS	Postboks 449 Nesttun	5853	BERGEN
Orion Prosjekt AS	PB 449 Nesttun	5853	BERGEN

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
---	------------	------	----------